

AVTALE

mellom

Meland kommune

Og

Arild Hestdal

Eigar av gbnr, 12/4 i Meland kommune

Avtalen gjeld bygging av nytt VA-anlegg frå Holme til Tveit. I same grøft på delar av strekket skal det også leggjast kablar for fiber og veglys.

Mellom Meland kommune og eigar av gnr. 12 bnr. 4 i Meland er inngått følgjande avtale om nytt VA-anlegg, der kommunen er ansvarleg for prosjektering, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald:

1. Meland kommune gjevast rett til å leggja og ha liggjande vassleidning, spillvassleidning og overvassleidning, med tilhørande utstyr og kummer. Grunneigar gjev Meland kommune også rett til å leggja kablar for fiber og veglys. Den aktuelle plasseringa av lediningane er synt på vedlagde forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar av trasèen innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringa og utføringa av leidningsanlegget.
2. Meland kommune har vidare rett til tilkomst til leidningsanlegget i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og fornying, herunder rett til å nytte private atkomstveger.
3. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg.
4. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedommen som følgje av kommunen sitt anleggsarbeid skal erstattast ved minneleg overeinskomst, eventuelt skjøn. Skader ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av leidningsanlegget skal bli handtert på same måte.
5. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføra fare for ledningen. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Ellers må det tett inntil leidningsanlegget visast varsemnd slik at det ikkje vert skadar på anlegget. Ein føreset at ledningen vert lagt med minst 1 m overdekning. Vanleg jordbruksarbeid, pløying og liknande kan utførast over ledningen.

Kommunen kan gje dispensasjon med vilkår frå denne bestemminga.

6. Som vederlag for ulemper gruneigaren vert påført ved legginga, bandlegging av arealet og kommunen sin rett til seinare ettersyn, utbetringar og vedlikehald, betalar kommunen ein eingongssum som er sett til følgjande og basert på offisielle gardskart på skogoglandskap.no:

over full- og overflatedyrka mark

kr 30,- per m grøft

over gjødsla beite	kr 20,- per m grøft
over anna jord	kr 5,- per m grøft
over produktiv skog	kr 16,- per m grøft
kummar	kr 3000,- per kum

Endeleg oppgjer finn stad etter oppmåling når anlegget er fullført.

7. Etter at anleggsarbeidet er utført over eidedomen skal Meland kommune, saman med grunneigar, føreta synfaring.
8. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eidedomen. Meland kommune betalar tinglysingskostnadane.

Stad og dato:.....

Stad og dato:.....

Eigarar av gnr. bnr.

Meland kommune

.....

.....

Orgnr: 951 549 770

Personnr:.....